



Dei 34 Undarheim-elevane på Rød saman med lærarane og Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Bygdetunet Rød i Uskedalen er ei framifrå skulestove og tirsdag vart tunet nytta til ein dobbel skuletime for 34 elevar frå fjerde steget på Undarheim. Samstundes fekk "Rød-sjef" og kultursjef Kristian Bringedal høve til å gå inn i si gamle rolle som skulemeister og det ikkje tvil om at han hadde det som plommen i egget!



Slik laga dei mjøl, fortalde Kristian.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er levande historia. Dette kan han, det er fint å høyra på ein så dyktig pedagog, sa kollegene til Kristian som fylgde med klassa – Janne Høgestøl og Anne Lise Huneide.

Først samla Kristian elevane i røykstova og fortalde at der hadde det vore skule før – omgangsskule for lang tid attende.

- Dei hadde mange ongar den gongen fordi dei trong hjelp på garden og fordi det måtte rekna med at mange kom til å døy før dei runda 20 år, fortalde Kristian Husnes-elevane, som sat som tende ljøs og høyrde om ein underleg, annan verkelegheit enn dagens.

Så fortalde han at kvar og ein hadde si treskei som dei stakk inn i ei sprunge i veggjen etter måtidet og at heile familien var samla ved bordet om sundagen for å høyra bestefar lesa frå Bibelen.

- Kva står det i Bibelen, var det ein som spurde?

- At vi skal vera snille og gode og tru på Gud, svara Kristian.

Etterpå gjekk dei inn i den andre og finare stova, der elevane ikkje minst fatta interesse for bileta på veggjen – av Jesus og det norske kongeparet frå 1905.

Men den sterkaste opplevinga for dei unge frå Husnes var nok då Kristian slapp på vatnet og fekk kvernsteinane til å sviva og laga mjøl.

- Det er eigentleg denne opplevinga vi er her for, sa lærar Anne Lise til uskedalen.no og forklara at museumsvisitinga var ein del av den kulturelle nistepakka som kommunen har sett saman. Ho og klassa hadde opplevd 'Jul i gamle dagar' på samme staden tidlegare.

No er det meir enn nok vatn i bekken og kverna gjekk som ein draum denne dagen. Kristian fekk synt fram kor stor energi det ligg i vatnet og forklara heile prosessen for elevane, som var like engasjerte og ivrige gjennom heile skuletimen.

- Ein kunna laga både grovt og fint korn, det fyrste var ikkje minst viktig viss ein skulle bryggja øl, sa Kristian, som klaga over at mus og rottar set større pris på Rød-mjølet enn han likar.

Så fortalde han dei unge om overtrua som knytta seg også til kverna i tidlegare tider . Kanskje var det troll i bekken og kanskje song kvernsteinane ei spesiell strofe i mørke netter.

- Kan dykk høyre noko no, spurde Kristian elevane..

Det gjorde dei visst ikkje. Men dei lytta intenst.

Av Ola Matti Mathisen



Undarheim-elevane sat som tende ljøs då skulemeister Kristian Bringedal fortalde i røykstova. (Foto: Ola Matti Mathisen)